

**Fra:** Taklo, Toril <[toril.taklo@helse-forde.no](mailto:toril.taklo@helse-forde.no)>

**Sendt:** tirsdag 14. desember 2021 13:50

**Emne:** IS: VS: stor pågang i PBU

Hei!

Som de er kjende med har pågangen av tilvisingar av pasientar til psykisk helsevern for barn og unge (PBU) vore høg ei god stund. Samstundes har vi hatt dårleg gjennomstrøyming då dei pasientane vi alt har hatt inne har fått det vanskelegare under pandemien. Dette har gjort at vi ikkje har avslutta så mange saker som vi vanlegvis gjer. Vi har fått ekstramidlar for å tilsetje meir folk, men har hatt utfordringar med å rekruttere. Dette gjeld særleg i Førde. Presset på tenestene har vore stort over tid, og såleis og på dei tilsette. Dette gjer at vi ikkje klarar å sette opp fyrste time innan fristen til nye pasientar, rett og slett fordi vi ikkje har terapeutar som kan ta inn nye saker. Vi går difor mot fristbrot i fleire saker, både i Førde og Nordfjord, Sogn har ein meir overkomeleg situasjon.

Ved UPH har det vore auke i beleggprosent. Delen akuttinnleggingar har auka mykje samanlikna med delen planlagde innleggingar. Dette er ei uheldig utvikling. I tillegg kjem mange av ungdomane inn på ettermiddag- eller kveldstid. Dette blir ei meirbelastning for ungdomane som møter forvakt i staden for å møte spesialist ved UPH. Vi ber difor om at ein legg vekt på at ungdomar som blir innlagde akutt blir forsøkt innlagt på dagtid med oppmøte seinast klokka 14, om dette er mogleg.

PBU i Helse Førde har hatt svært låg avvisingsprosent, samanlikna med andre helseføretak. Vi ser at vi tek imot saker som ikkje nødvendigvis har rett til helsehjelp hos oss og som burde fått helsehjelpa i fyrstelinja. Situasjonen krev difor at vi no overfører saker som strengt tatt ikkje høyrer til hos oss tilbake til kommunane. Vi kjem ikkje til å avslutte dei som treng oppfølging ved BUP og vi vil prioritere dei akutte og alvorlege sakene. Vi ønskjer at fyrstelinja bur seg på å ta imot dei pasientane ein har ansvar for. Vi sender denne meldinga til orientering, og vonar på betre tider etter kvart, men slik situasjonen er no, ser vi ikkje annan løysing.


Under ser de utviklinga i tal tilvisingar og avvisingsprosent.

Dato  
 01.01.2019 30.11.2021

Vel utval  
 Alle tilvisingar  
 Helse Vest-utval




- Vel lokasjon, føretak, ...
- HELSE VEST RHF
  - HELSE BERGEN HF
  - HELSE FONNA HF
  - HELSE FØRDE HF
  - Kirurgisk Klinikk
  - Medisinsk Klinikk
  - PSYKISK HELSEVERN
  - INDRE SOGN PSYKI...
  - NORDFIJORD PSYKI...
  - Psykiatrisk klinikk
  - PSYKISK HELSEVER...




Tilvisingstype	Vurd i periode
Helse Vest utval	2 042
Ikkje behov for helsehjelp	188
Henvtype = 4 (ØH)	72
Ventetid under 2 dg	48
Vurd.dato lik Avvikl.dato	39
Henvisningen er ikke aktuell for rettighetsvurdering	7
Ventetidslutt dato før innev tertial start	2
<b>Totalt</b>	<b>2 398</b>

Når vi samanliknar PBU i Helse Førde med andre føretak i Helse Vest, ser vi at ein vesentleg større del av barnebefolkninga i Helse Førde får tenester frå spesialisthelsetenesta. Det er ikkje grunn til å tru at barnebefolkninga i Helse Førde sitt opptaksområde er sjukare enn i dei andre helseregionane. Dette tyder i alle fall på at det ikkje er eit underforbruk av spesialisthelseteneste for born og unge med psykiske lidingar.



Vi ser og at det er nokså ulikt kor mange born kommunane tilviser til PBU pr. kommune. Dette vil vi følgje opp i dialog med den einssilde kommune.

## Tal tilvisingar pr. 1000 born og unge



Variasjon frå 92 tilviste born pr. 1000 innb. til 34 tilviste born pr. 1000 innb.